



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Karen Elin Bakke, 5557 2126

Vår dato
08.05.2017
Dykkar dato
07.12.2016

Vår referanse
12/8917
Dykkar referanse
14/1767

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Lindås kommune – gnr 134 bnr 1 og 3 m. fl – reguleringsplan for Haghaugen – oppmoding om omgjerung av Fylkesmannen sitt vedtak av 26.06.2011

Vi viser til tidlegare korrespondanse i saka.

Bakgrunnen for saka

Lindås kommunestyre godkjende den 28.10.2010 reguleringsplan for Haghaugen, sak 96/10. Vedtaket var samrøystes.

Vedtaket vart påklaga av Terje Remme den 13.12.2010. Plan- og miljøutvalet handsama klagen i møte den 19.01.2011, sak 11/1. Fylkesmannen stadfesta den 26.06.2011 Lindås kommune sitt reguleringsvedtak av 28.10.2010.

Terje Remme reiste så spørsmål ved om det førekom ugildskap i samband med Øystein R. Moldeklevs deltaking ved handsaming av reguleringsplanen.

Lindås kommune tok saka opp til fornya handsaming i plan- og miljøutvalet. Reguleringsvedtaket vart oppretthalde uendra. Saka vart på nytt sendt Fylkesmannen for handsaming.

Fylkesmannen såg igjen på saka den 20.09.2012, men fann ikkje grunn til å endre vårt vedtak av 26.06.2011.

Remme ved advokatfullmektig Strand har den 07.10.2016 bedt om at planvedtaket av 28.10.2010 vart omgjort. Bakgrunnen for dette er påstått ugildskap i samband med Moldeklevs deltaking i møta i plan- og miljøutvalet den 16.01.2008 og i kommunestyret den 07.02.2008. Det er vist til at desse tilhøva ikkje tidlegare har vore vurdert av Fylkesmannen.

Lindås kommune har sendt brevet frå advokatfullmektig Strand til Fylkesmannen den 07.12.2016 og bedt oss om å ta stilling til oppmodinga om omgjerung.

Vi seier oss leie for at sakshandsaminga hos oss har teke tid.

Fylkesmannen ser saka slik

Det følgjer av vårt vedtak og av forvaltningslova (fvl.) § 28 tredje ledd at Fylkesmannen sitt vedtak er endeleg og ikkje kan klagast vidare.

Det følgjer likevel av fvl. § 35 at eit «forvaltningsorgan kan omgjøre sitt eget vedtak uten at det er påklaget dersom [...] c) vedtaket må anses ugyldig.»

Fylkesmannen har vurdert merknadane i omgjeringssoppmodinga. Vi finn likevel ikkje at desse tilseier at vårt vedtak av 26.06.2011 er ugyldig. Vi viser til at kommunestyret sitt reguleringsvedtak av 28.10.2010 vart samrøystes vedteken. Det er opplyst at Moldeklev ikkje deltok på møtet. Han har heller ikkje delteke på møtet i plan- og miljøutvalet den 24.02.2010 og den 18.08.2010 ved 1. og 2. gangs handsaming av planen. Påstått ugyldigheitsgrunn har såleis ikkje hatt innverknad på resultatet i saka, jfr. prinsippet i fvl. § 41. Vi har også sett hen til den tid som har gått sidan vi handsama klagen over reguleringsvedtaket.

Det er etter dette ikkje grunnlag for å gjere om vårt vedtak av 26.06. 2011.

Fylkesmannens vurdering av omgjeringsspørsmålet er ikkje eit einskildvedtak som kan klagast vidare.

Vi ser etter dette saka som avslutta frå vår side.

Med helsing

Anne Kjersti Sande
seksjonsleiar

Karen Elin Bakke
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi: 1-2-3 Advokaten ved advokatfullmektig Monica Jacobsen Strand, Bryggen 23, 5003 BERGEN